# BUSETJING OG INKLUDERING

**Hovudmålsetjing:** Leikanger skal vera eit samfunn der folk som bur her eller flytter hit kjenner at det er enkelt å vera velkomne og å etablera seg.

*Hovudmålsetting og grøn og blå rute blir teke ut av tabellen og fletta inn i teksten.*

Me vil ha eit målretta folkehelsearbeid som legg opp til trivsel og aktivitet, som igjen resulterer i nye innbyggarar til kommunen.

Me vil arbeida for å utvikla den kommunale bygningsmassen og energibruken i ein berekraftig retning og sjå på potensielle tiltak i nærmiljøa våre. (Oppmoda til utbygging av klimavenlege bygg)

| | Busetjing og tilflytting | Omdømebygging og vertskap | Sentrumsutvikling |
|---|---|---|---|
| Delmål: | Ha eit mangfaldig bustadmiljø med trygge møteplassar og godt nærmiljø | God kommunikasjon mellom kommunen, næringslivet og innbyggararane | Etablera eit sentrum som osar av liv og trivsel, og som gjer at folk vil handle lokalt |
| Strategi: | -Auka folketalet med minst 25 innbyggarar per år<br>-Full barnehagedekning der dei som treng det skal få plass<br>-Arbeida for at det finst ledige tomter, hus og leilegheiter til ein kvar tid<br>-Aktiv og god marknadsføring og informasjon om bustadtilbodet<br>- Gjennomgangs- og utleigebustader med sentral plassering<br>-Arbeida for å etablera bumiljø som legg opp til meir sosial aktivitet<br>- Utvikla ein heilskapleg plan for Hanahaug for å gjera området til eit triveleg buområde<br>-Bygga bustader til innbyggjarar med behov for særskild tilrettelegging<br>- Auka samarbeidet med dei frivillige organisasjonane, slik at dei kan ha auka fokus på integrering og inkludering<br>-Utvikle ein plan for forvaltning og bruk av kommunale bustadar<br>-Arbeide for at fleire får realisert ønskje om å bu i eigen bustad<br>-Samarbeide med private utbyggjarar for å løyse ut kommunale samfunnsbehov<br>***-Njøsavegen*** | -Utvikla ein god mediestrategi med tanke på profilering av Leikanger som lokalsamfunn<br>*-Arbeide for trivsel blant for ungdom og tilflytting*<br>-Samarbeide systematisk med dei andre offentlege etatane og næringslivet<br>*-Prioritera skilt og informasjonstavler - flytt* | -Utvikla fortettingsplan for bustader i sentrum<br>- Arbeida for at 75% av nye bustader skal vera sentrumsnære<br>*- Skifta fokus til aktivitet og vedlikehald og syta for ein heilskapleg tanke som inkluderer planter og sitjeområde (Avslutta opprustinga av sentrumsplassen når bankplassen er ferdig – skriv om)*<br>-Støtta opp om eit levedyktig kommunesentrum<br>-Arbeida for ei strategisk utvikling av areal i sentrum<br>-Utvikle sjø-/strandsona og elvekanten rundt sentrum (Henjaelvi) – utvikle sti og goter for å knyte saman buområder og sentrum (skriv om) |

# NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING

**Hovudmålsetjing:**

Etablerarar i privat og offentleg sektor skal oppleva at det er lett å etablera og utvikla verksemder i Leikanger. Kommunen skal vera aktør og samarbeidspartnar i arbeidet med å utvikla eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.

Me vil ha fokus på sysselsetting og arbeidstiltak som ein del av det førebyggande helsearbeidet og rehabilitering.

Kommunen vil arbeida for at klimasmart planlegging gjennomsyrar eigen organisasjon, og påverkar andre i same retning, slik at næringar, infrastruktur og innbyggarar er førebudde på endringar som kan koma. Vi vil støtta opp om næringar som høver i eit lågutsleppssamfunn.

| | Næring og etablering | Landbruk- og skogbruk | Attraktivitet |
|---|---|---|---|
| **Delmål:** | Me skal vera aktive i arbeidet med å styrka eksisterande næringar og legga til rette for nye verksemder. | Me skal ha god kompetanse på landbruk og skogbruk for å hjelpe aktørar til å satsa på *rette felt* og nytta seg av støtteordningar. | Me skal vera eit velfungerande samfunn som dekker dei grunnleggande behova til innbyggarane og som skapar ønskje om å etablera seg og bli i kommunen. |
| **Strategi:** | - Utvikle ein gründerkultur i samarbeid med næringsselskap i regionen<br>-Arbeida aktivt for etablering av nye offentlege og private arbeidsplassar<br>-Bygga opp næringsfond<br>-Utvikla ein strategi for breiband og anna infrastruktur<br>-Skapa fellesfora slik at små bedrifter har høve til å bli høyrde<br>-Ta i bruk det nye næringsarealet på Kvålen<br>-Utarbeida ein strategi for framtidig bruk av tinghusanlegget<br>-Skapa møteplassar og utvikla samarbeid mellom næringsaktørar og kommunen med tanke på vidareutvikling og arbeidspraksisplassar<br>-samarbeid med dei store etatane for å følgje opp forvaltningsutvikling, eigarskap og vertskap | -Samarbeida med nabokommunane om auka skogbrukkompetanse<br>-Arbeida for etablering av ein god tømmerkai i regionen<br>-Laga ein hovudplan for bygging av nye skogsvegar og utbetring av eksisterande vegnett for uttransportering av tømmer<br>-følgje opp uttak av skog og virke<br>*-Oppmode til nyplanting av frukthagar, til nybygg og restaurering, gjerde (hjort så vel som andre dyr), rydding av beite og til nye eigerar – lage strategi*<br>-Kartlegga og utarbeida ein plan for å ta i bruk dyrka mark som ikkje er i bruk som aktivt jord- og hagebruksareal | - Kartlegga kva ein har av kart og brosjyrar og kva som trengs betre marknadsføring<br>-Leggatil rette for eit godt samarbeid mellom reiselivsnæringa og kommunen<br>-Marknadsføra dei tilgjengelege kontorlokala i Tinghusanlegget<br>-Nytta kulturminner til å vidareføra kulturarven og som grunnlag for næringsutvikling, kunnskap og opplevingar<br>*-fjellbruksplanen må nyttast og utviklast i samarbeid med grunneigarar*<br>-Strategi for å utvikle løype- og stinett i fjellområda og sikre tilgjenge |

# KULTUR OG FRITID

**Hovudmålsetjing:**

Me skal ha eit levande og variert kultur- og friluftsliv med basis i frivillige lag og organisasjonar, der eldsjeler blir støtta opp om slik at dei gode initiativa blir ivaretekne og vidareutvikla.

Kommunen vil samarbeida tett med frivillig sektor for å syta for at det eksisterer sunne og sosiale møteplasser for alle. Me vil arbeida for at ressursar og moglegheiter blir fordelt slik at alle kan forma sine liv ut frå eigne ønskje og ambisjonar.

Natur, kulturlandskap og kulturminne skal forvaltast slik at Leikanger sine kvalitetar vert ivaretekne for framtidige generasjonar.

| | Frivillige lag og organisasjonar | Idrett og friluftsliv | Kultur | Natur og miljø |
|---|---|---|---|---|
| Delmål: | Me skal ha ein god kommunikasjon mellom frivillig sektor og kommunen, særleg med tanke på barn og unge og inkludering. | Me skal legga til rette for eit allsidig og helsefremjande tilbod. | Me vil bidra til ei levande bygd, og satsa på kulturelle aktivitetar som stimulerer interesse, forståing og toleranse hos alle grupper. | Me skal redusera dei negative verknadene på miljøet, *bruke og* ta vare på dei naturgitte kvalitetane i kommunen. |
| Strategi: | -Samhandla med frivillige lag og organisasjonar slik at ein får eit gjensidig utbyte<br>-Oppretthalda samarbeidet mellom skulane/barnehagane og lag og organisasjonar, slik at born og unge får opplevingar som gjer dei interesserte i aktivitetane<br>-Støtta opp om arrangementa som er etablerte i kommunen<br>-Gjennomføra årlege møte med lag og organisasjonar for å oppnå eit godt samarbeid og ein god dialog<br>*-samarbeide for lågterskeltilbod med tanke på inkludering* | -Gjera friluftslivtilbodet mest mogleg synleg<br>-Vedlikehalda og utvikla turløyper<br>-Utvikla Kleppa sine anlegg og vegtilkomstar<br>-Arbeida for at Leikangerhallen er i aktiv bruk og blir drifta på ein måte som er i tråd med kommunen og brukarane sine interesser<br>-Ivareta og vidareutvikla idrettsanlegga i kommunen<br>- Samarbeide godt med frivillige lag og organisasjonar, slik at det er tilbod om fysisk aktivitet for folk i alle aldrar og fysiske nivå<br>-Arbeida aktivt med strandsona i heile kommunen, med tanke på natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser | - arbeida aktivt for å kunna gje eit godt kulturskuletilbod i regionen<br>*-utvikle biblioteket slik at det er tilpassa ein framtidsretta funksjon-skriv om-fleirfunksjonelt*<br>- Sikra eit godt engasjement rundt arbeidet med kulturminneplanen, som skal legge opp til ei god forvaltning av kulturminna<br>-Marknadsføra eksterne tilskotsordningar<br>-Skapa medvit rundt natur, kultur og historie i regionen gjennom Sogn Folkemuseum<br>-Samarbeida med andre kommunar for å få kulturarrangement med høg kvalitet til regionen | -Arbeida for og stimulera til at kulturlandskapet blir skjøtta<br>-Syta for at statusen til det nasjonale kulturlandskapsområdet på Grinde vert ivareteke og marknadsført<br>-Følgja opp skogsvegutbygginga og leggja til rette for at desse vegane kan nyttast av innbyggarane som turvegar<br>-Auka tematikken om klima og miljø i skulane<br>*-Stimulera til bruk energivenlege løysingar som fjordvarme etc*<br>*-Legge til rette for bruk av el-bil/el-sykkel + slå saman energi-punkta*<br>-Nytta ROS-analysen aktivt i arbeidet til kommunen, slik at det vert teke hensyn til klimaendringar i planar og anna arbeid<br>-Følgja opp etterverknadane av store naturinngrep i kommunen |

OPPVEKST, ELDRE OG HELSE

**Hovudmålsetjing:**

Innbyggarar skal oppleva meistring og livskvalitet og i størst mogleg grad vera aktive, ta ansvar sjølve og få hjelp til å meistre vanskelege livssituasjonar.

Me vil arbeida for universell velferd som sikrar gode levevilkår for alle innbyggarane våre, og stimulere til sosiale nettverk, deltaking og støtte i kvardagslivet.

Alt utviklingsarbeid skal legga vekt på å skapa livskvalitet og trivsel i eit berekraftig lokalsamfunn.

| | Oppvekst og nærmiljø | Skular og barnehagar | Helse og førebyggande arbeid |
|---|---|---|---|
| Delmål: | Me skal ha ei god samhandling mellom barn, unge, føresette, tilsette og frivillige for å ha gode vilkår for trygg oppvekst. | *Barnehagar og skular skal ha høg kvalitet, trivsel, gode resultat, foreldresamarbeid* | Me skal arbeida ut i frå eit folkehelseperspektiv med fokus på førebygging og samtidig ha eit godt system for rehabilitering. |
| Strategi: | - I samarbeid med nabokommunane skal me sikra at det finst trygge opplegg som engasjerer og aktiviserer barn og ungdom<br>-Arbeida for velfungerande, offentlege kommunikasjonsordningar<br>- Ha eit godt, tverrfagleg samarbeid til beste for born og unge<br>-Halda fram med å tilrettelegga infrastruktur for dei mjuke trafikantane med særleg fokus på skuleveg. **Gang og sykkelveg**<br>-Sikra eit nærmiljø og skuleområde som inviterer til allsidig aktivitet<br>-Støtta opp om arbeidet med oppgradering av leikeplassar og andre møteplassar som legg opp til fellesskap og fysisk aktivitet | -Tilby trygge og gode barnehagar og full barnehagedekning<br>-Ha fokus på fysisk aktivitet og kosthald i barnehagane<br>-Ha fokus på fysisk aktivitet og kosthald<br>*-entreprenørskap og partnarskap i skulaneog bhg*<br>-Arbeida for at barnehagane og skulane har godt inneklima, oppdatert utstyr og godt vedlikehaldne bygningar<br>-Følgja strategisk plan for oppvekstsektoren med konkrete tiltak<br>-Syta for god samhandling mellom barnehagar, skular, heim og andre etatar og frivillige aktørar<br>Ha fokus på arbeidsmiljø og fagleg utvikling | - Samarbeida med nabokommunane om Lærings- og Mestringssenter<br>-Følgja opp folkehelseplanen og oversiktsdokumentet med konkrete tiltak<br>-Ha fokus på rehabilitering<br>- Skapa miljø/arena for gode møteplassar og aktivitetar<br>-Syta for eit godt samspel med næringslivet og nytta tilskotsordningar slik at ein saman kan skapa eit inkluderande arbeidsliv<br>-Utvikla eit godt tverrfagleg samarbeid mellom etatane i kommunen med tanke på helse<br>-Greia ut høve til å etablera frivilligheitsentral og nytta han på best mogleg måte<br>-Styrka folkehelseaktivitetar<br>- Arbeida aktivt med førebyggande arbeid innan psykisk helse<br>- Utvikla gode tiltak for ROP-pasientar (rus og psykiatri)<br>-Halda auge med på utviklinga innanfor omsorgsteknologi og gjera smarte *investeringar (bytt på rekkefølgen)*<br>*-støtte opp om ønskje til folk å bu heime lengst mogleg* |

# REGIONAL UTVIKLING

**Hovudmålsetjing:**

Leikanger skal vera ein aktiv bidragsytar i utviklinga av regionen (på ein måte som styrker fellesskapet, gjer det til eit attraktivt bu- og arbeidsområde, samtidig som at Leikanger sine interesser vert ivaretekne og vidareutvikla.)

Me vil halda fram folkehelsesamarbeide t med nabokommunane for å kunna gje gode, tilrettelagde tilbod tilpassa den enkelte.

Me vil arbeida for ei utvikling som samordnar transport og arealplanlegging, reduserer klimautslepp og gir ei effektiv arealutnytting på eit lokalt og regionalt nivå.

| | Kommunikasjon | Regionalt samarbeid | Kultur/opplevingar/reiseliv | Kommunereforma |
|---|---|---|---|---|
| Delmål: | Me skal ha ei god og samordna kommunikasjonsordning på land, sjø og i lufta | Me skal vera pro-aktive i samarbeidet med nabokommunar, ha god kjennskap til utfordringar og vera med og styra prosessar | Me skal ha eit breitt kultur- og opplevingstilbod for fastbuande og tilreisande | Me skal vera offensive og godt førebudde på eventulle.endringar og påverke prosessen slik at Leikanger samfunnetsine interesser vert ivaretekne |
| Strategi: | -Arbeida for gode offentlege kommunikasjonar til nabokommunane, så vel som regionalt og nasjonalt<br>-Arbeida aktivt med å sikre Haukåsen som eit godt, regionalt flytilbod med god tilkomstveg<br>-Vidareføring av Snøggbåten<br>-Støtta opp om prosjektet Vikafjellstunnelen<br>-Samarbeida med nabokommunane for å få hyppigare avgangar og nattferje på sambandet Dragsvik, Hella, Vangsnes | -Interkommunalt samarbeid gjennom samarbeidsmøte og interkommunale selskap<br>-Samarbeida vidare med nabokommunane gjennom Sogn Regionråd og undergruppene for å få ei god utvikling og vekst i heile regionen<br>-Vera med og rekruttera og profilera regionen<br>-Sikra næringssamarbeid mellom kommunane<br>-Sikra demokratiske prinsipp også gjennom bruk av interkommunale selskap | -Samarbeide med nabokommunar om kulturtilbod av høg kvalitet<br>-Støtta opp om den regionale reiselivsnæringa<br>-Legga til rette for nye produkt basert på natur, kultur og tradisjon<br><br>-Stinettet<br><br>-Kyrkja<br><br>-Kulturminne kopla saman med regionalt reiseliv<br><br>-Sikra god kommunikasjon | - Delta i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadene av ei kommunereform i Indre Sogn, alternativt med Luster og Sogndal, eller andre kommunar<br>-Arbeida for at Leikanger vert administrasjonstad<br>-Delta i prosessen rundt kva oppgåver storkommunar bør ha***,kunnskap, og regionalt (fylkeskommunen)***<br>-Setja i gang eit eige arbeid med å prioritere kva tenester som er viktige for Leikanger og sikra inn i ein større kommune |